

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag (a):

"Tillegg til punkt 1:
Folkehelseperspektivet skal med i planprogrammet. Jamfør vedtak i fylkestinget."

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag (b):

Nytt punkt 6:
Under punkt 5.2.2 skal *god korrespondanse* inn i setninga "å legge til rette for ...".

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:
Ingen rullebane 2 på Flesland."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for miljø og samferdsel til grunn for røystinga.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag (a) vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Innstillinga punkt 2 og 3 vart vedteke mot 5 røyster (Frp, H).

Innstillinga punkt 4 vart vedteke mot 2 røyster (Frp)

Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 5 røyster (Frp, H).

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Njærheim sitt forslag (b) vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget. Folkehelseperspektivet skal med i planprogrammet. Jamfør vedtak i fylkestinget.
2. Transportplanen legg opp til nullvekst i personbiltrafikk som mål, men innanfor Bergen må målet vere 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, med 2013 som basisår.
3. Ei styrking av kollektivtilbodet er viktig, bompengeinntekter skal derfor bidra til drift av kollektivtransport.
4. Det bør utarbeidast ein plan for utviding av trolleybussnettet og bussnett for nullutsleppsbusstar i Bergensområdet.
5. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
6. Under punkt 5.2.2 skal *god korrespondanse* inn i setninga "å legge til rette for ...".